



Jostein Mykletun  
Lurevegen 707  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8482 - 22/12351

Saksbehandlar:  
Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
mari.emilie.pettersen.hagenlund@alver.kommune.no

Dato:  
11.02.2022

## Svar på spørsmål om forynging etter hogst, tilskot, skogfondmidlar m m - gbnr 152/1 Mykletun

Vi viser til din henvendelse datert 24.11.2021

Eg vil først beklage at det har tatt lang tid å få svar på denne saken. Eg er ny saksbehandlar og har nyleg overtatt saken.

Svar på dine spørsmål:

- 1- «Har landbrukskontoret registrert nokon søknad frå meg i samband med plantinga og innkjøpet i 2020?»
- 2- «Kan eg i det heile ha noko å søkja om i samband med innsatsen i 2020?»
- 3- «Som nemnt i brev 23.11.2021 har eg ikkje planta noko i 2021 av årsaker utanfor min kontroll. Eg vil derfor supplera utplantinga i 2022. Vil eg ha noko grunnlag for å søkja tilskot og/eller skogfondsmidlar når dette er gjennomført?»

Landbruksavdelinga har registrert ein søknad frå deg den 30.06.2020 på kr 6750. Søknaden har blitt sletta, truleg på grunnlag av manglande dekning på skogfondskontoen. Du har totalt 840,86 NOK på skogfondkontoen din. Eg har kontakta Statsforvaltaren i Vestland for å få klarheit i dette og kjem tilbake til deg så snart eg høyrer frå dei.

- 4- «På ein grunnlendt rinde, der det var furuskog fram til seint 1960-tal, vil eg gjerne planta furu. Finst det tilgang på høvelege plantar nokon stad?»

Ta gjerne kontakt med Marte Storebø hos Nortømmer: [marte.storebo@nortommer.no](mailto:marte.storebo@nortommer.no), 41 57 08 53, eller Pierre Arnaud hos AT-skog: [pierre.arnaud@atskog.no](mailto:pierre.arnaud@atskog.no), 948 27 660 for informasjon om furuplanter.

Berre ta kontakt om du har nokon fleire spørsmål.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Mari Emilie Pettersen Hagenlund  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jostein Mykletun

Lurevegen 707

5912 SEIM